



Statens vegvesen

VETERANBUSSKLUBB BNR
v/Øystein Valle Vardane 112
5911 ALVERSUND

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Tone Bøyum / 55516792 19/41011-5 19/2502 – 19/32310 19.12.2019

Svar – Dispensasjon – Byggjegrænse – Fv. 5458 – Gnr. 10 bnr. 37 i Lindås kommune

Vi viser til søknad av 26.02.2019.5

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 5458 for å oppføre tilbygg på gnr. 10 bnr. 37 i Lindås kommune.

Vilkår for dispensasjonen:

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 23.02.2019.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5458 skal vere minst 7,2 meter.
3. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fv. 5458.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årsdøgertrafikk er 150 ÅDT. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4 jf Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*.

Søknaden gjeld tilbygg på eksisterande garasje som husar veteranbussar i regi av Veteranbussklubben BNR. Tilbygget kjem 1,5 meter nærmare vegen enn eksisterande garasje. Søkjar opplys at behovet for inn- og utkøyring i garasje for stor buss (10–12m) har vore om lag 2 gonger pr år. For liten buss (6–7m) ca 10 gonger i året. Bygget og eigedomen er nytta til privat og offentleg transportføremål, og bruken blir som i dag.

Etter ei samla vurdering finn vi å innvilge søknaden som omsøkt.

Retten til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeteiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

LINDÅS KOMMUNE, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#), [§35](#), [§38](#)
Situasjonsplan